

Ny skule gir betre læring

Hauge skule begynner å bli veldig gammal. Det er lite som er gjort der dei siste 20 åra. Lufta er dårleg, og toaletta er så som så. Eg synest derfor det er på tide å bygge ein ny skule.

Eg drøyer om ein skule som inneheld fine klasserom, eit nytt naturfaglaboratorium, eit kjøkken med utstyr som verkar og ei stor kantine der heile skulen kan samlast! Med nye og fine lokale ville elevane trivast mykje betre. Vi ville også lært meir. Vi ville ikkje fått vondt i hovudet, og vi ville fått gjort oppgåvene som lærebøkene seier at vi skal gjere. Då trong vi ikkje engste oss for at tinga vi treng, ikkje verkar.

Det har vore diskutert kor ein ny skule i så fall bør ligge. Eg synest han bør ligge i sentrum, ved sida av idrettsanlegget. Då ville skulen kunne bruke idrettsanlegget og fått betre gymforhold. Eg veit at nokon er redde for at ein skule i sentrum skal få fleire elevar til å skulke og henge på kjøpesenteret i staden. Og at mange elevar vil gå til matbutikkane for å handle mat i midttimen. Eg forstår at det kan bli eit problem, men samtidig vil jo ei fin kantine gjere at elevane handlar maten sin der i staden.

Så kjære kommune og andre som bestemmer, kan vi ikkje få ein ny skule? Og sjølv om det skulle ta litt tid å bygge han, og eg sjølv ikkje rekk å gå der, ver snill og gjer dette for dei som kjem etter meg. For de meiner vel ikkje at barna i kommunen skal gå på denne «tingen» her i all framtid?